



Referat styremøte 13.02.24

Tid: kl: 17:30-20:30

Sted: Foreningens lokaler Skaret.

Deltagere: Deltagere: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen, Tove Hundseth, Bård Andreassen (teams), Svein Dalen, Randulf Tverfjell, Allan Nogva, Reidar Strand, Heidi Walle Reiten (fra sak 17.02. vara for Ole Mathias, på teams)

Astrid Nerhus Dale, Beatrice Bjørkedal (teams), Christina Bjerknes (teams fra sak 13/02.24),

Forfall: Ole Mathias Risvik,

Frå administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

Sak 11/02.24 Godkjenne innkalling

Vedtak:

Styret godkjenner innkallinga

Sak 12/02.24 Godkjenning av referat frå styremøte 09.01.24

Referat frå styremøte 09.01.24 leggst fram til godkjenning av styret

Vedtak:

Styret godkjenner det framlagte referatet.

Munnlege orienteringar:

- Innkjøp av ny varmepumpe
- Midsund JFF – nedleggingstrua
- Møte med Statsforvaltar
- Møte med fylkeskommuna – Planlegging av Friluftslivets år 2025
- Tapt arbeidsforteneste
- Rettsmekling prosessvarsel Regionsekretær

Sak 13/02.24 Regnskap 2023

Ferdig regnskap for 2023 er ferdig revidert, leggst fram til styret for endeleg godkjenning.

Vedtak:

Styret godkjenner regnskapet for 2023, som viser et overskudd kr 82.642,86 og en balanse på kr 2.312.378,-

Sak 14/02.24 Budsjett 2024

Forslag til budsjett for 2024 vart lagt fram til godkjenning av styret. Styret plusset på for lønn, varmepumpe, kjøregodtgjørelse, og ny pc.

Vedtak:

Styret godkjente det foreslåtte budsjettet for 2024 påplussset kr 106.000 i økte kostnader. Budsjettet legges fram med et underskudd på kr 159.655.

Sak 15/02.24 Årsmøte 17. mars 2024

I forkant av komande årsmøtet må styret legge fram forslag på følgande:

- Ordstyrar
- Sekretær
- 6 Landsmøtekandidatar og 6 vara for desse
- Ny kandidat til valkomiteen



Dersom nokon skal utnemnast til NJFF sin innsatsmedalje må forslagsstillar lage eit skriv med «CV» på vedkomande som leverast til Regionsekretær.

Saka leggst fram til diskusjon.

Vedtak:

Styret foreslår følgande kandidatar til årsmøtet:

Ordstyrar – Hans Martin

Sekretær – Monica

6 Landsmøtekandidatar – Turid Sættem Eggen, Tove Hundseth, Svein Dalen, Randulf Tverfjell, Christina Bjerknes og Ivar Wartdal

6 vara til Landsmøte – Leder B&U, Hans Bjarne Tennøy, Britt Elin Drågen, Lars Olav Moen, Reidar Strand, Hans Martin Dypvik.

Valgkomitee – Anders Magne Ormset (må forespørres), Oddbjørn Opstad (back-up)

Det er ikkje kome inn kandidatar til NJFF sin innsatsmedalje.

Sak 16/02.24 Landsmøtesak - Stoviltprøve

Ferdig utarbeida saksframlegg leggst fram til styret for behandling.

Vedtak:

Styret hadde fleire gode innspel til forbetring av saksframlegget. Jaktutvalet arbeidar vidare med saksframlegget til neste styremøte 27.02.

Sak 17/02.24 Landsmøtesak - Medlemskontingent

Ferdig utarbeida saksframlegg leggst fram til styret for behandling.

Vedtak:

Styret godkjenner det framlagte forslaget til Landsmøtesak. Regionsleiaren får fullmakt til å endre ordlyd i samråd med dei andre regionane/rådsmøte.

Sak 18/02.24 Landsmøtesak – E-læring Fiskeravgift

Nytt utarbeida saksframlegg vart lagt fram under styremøtet.

Vedtak:

Det foreløpige forslaget legges fram for regionsårsmøtet. Etter årsmøtet vil fiskeutvalet utarbeide den endelige presentasjonen for landsmøtet.

Sak 19/02.24 Forenkling av årsmeldingar frå utvala

Regionsekretær slit kvart år med å få inn årsmeldingane frå utvala tidsnok til å få dei med i regionlaget si årsmelding til årsmøtet. Det vert brukt mykje tid på å følgje opp samt hente inn informasjon, i tillegg til reinskiving av eventuelt innkomne årsmeldingar.

Regionsekretær ønsker derfor ei vurdering på om det kan vere ein ide at Regionsekretør skriv kort kva utvala har gjort av aktivitetar det førre året og legger ved årshjula i årsmeldingane.

Regionsekretær meiner at dette vil vere tidsbesparande for både utvalsleiar og Regionsekretær.

Vedtak:

Utvalsårsmeldingane må sendes regionsekretær seinast innan 20.02. Dei årsmeldingane som ikkje er komen til da, vil ikkje bli med i regionens årsmelding.



Sak 20/02.24 Planlegging av TV-samling 16. mars 2024

Styret må kome med forslag til innhald, aktivitetar eller foredragshaldarar til TV-samlinga 16. mars. Under haustens TV-samling kom det ønske frå deltakarane om tidsaktuelle tema, så her bes utvala kome med forslag om aktuelle tema innan sitt fagfelt. Mulige forslag på foredragsholdere:

Vedtak:

Følgende forslag til foredragsholdere forspørres:

Line Johansen, Forbundsstyret - skytebaneutfordringer

Per Solli Mork – Trusselen av villreinens leveområder

Svein Sæter – «Kampen om Dovrefjell»

Silje Klæbo – NJFF – kvinnesatsing (evt. 1 nøkkel 150 båter, evt. Org.opplæring)

Jo Inge Breisjøberget – rypebestand (+ evt. Statskog/jakt- og fiskepodden)

Randulf Tverfjell/fiskeutvalet - sivkutter

Sak 21/02.24 Viltseminar i regi av Norsk Hjortesenter

Jaktutvalet ønsker å delta på viltseminar 8.-9. mars i Bergen som eit tiltak for å heve kompetansa si innan forvaltning av hjortevilt, ref. Tidlegare styrevedtak om deltaking på ekstern konferanse/seminar.

Seminaret vil koste 3465,- per person, eksklusive reisekostnader. Til no er det 3 stk frå jaktutvalet som har meldt si interesse om å delta.

Vedtak:

Styret godkjenner at jaktutvalet deltek på viltseminaret 8.-9.mars i Bergen dersom dei vurderer dette som det seminaret som gir best kompetanseheving for deira vidare arbeid i Regionlaget. Det er og mulighet å delta på seminaret digital til en pris på kr 250.

Sak 22/02.24 Styrerepresentant til FNF

Per i dag er NJFF Møre og Romsdal representert i FNF-styret ved regionsekretær. Dette vervet er på val i år. Regionsekretær stille derfor spørsmål om det er ønskeleg at Regionsekretær stiller til gjenval eller om nokon frå styret ønsker å stille til val i staden. Møta foregår i hovudsak på dagtid, og ettersom FNF ønsker kjønnsbalanse i styret så må kandidaten vere kvinne.

Saka leggst fram til diskusjon.

Vedtak:

Styret innstiller regionssekretæren til gjenval.

Sak 23/02.24 BU-utvalet

Det har over lengre tid vore forsøkt å få kontakt med leiar i Barn- og ungdomsutvalet i tillegg til at dei enda ikkje har levert noko årshjul. Spørsmålet rundt status på utvalet står framleis og ein må diskutere kva tiltak ein skal gjere her for å få tilbake eit operativt utval. Det er tross alt eit av dei store satsingsområda til NJFF sentralt og vi har derfor behov for å få eit fungerande utval på føta.

Saka leggst fram til diskusjon.

Vedtak:

Styret ber pent Friluftsvetleiar som er sekretær for Barn- og ungdomsutvalet om å skrive ei kort årsmelding, samt informerar valnemnda om ståda. Styret ber årsmøtet om tillatelse til at eit



eventuelt nyvalt BU-utval får utarbeide eit årshjul etter at det nye styret er konstituert slik at vi får oppretthalde eit av satsingsområda i Handlingsplanen til NJFF.

Sak 24/02.24 Forskningsprosjekt på oter

Jakt- og fiskeutvalet ønsker å sjå på moglegheitane for eit forskningsprosjekt saman med NINA og/eller NORCE, der dei kartlegg oterbestanden og eventuelt søker om uttak av enkeltindivid i 2-3 elvar som ein del av prosjektet. Eit slikt prosjekt vil vere avhengige av midlar og vil ikkje verte igangsatt eller gjennomført dersom det ikkje er råd å oppdra tilstrekkelege midlar.

Bakgrunnsinfo:

Vi sliter med stor oterpredasjon på villaks i enkelte lakseelver, spesielt på Sunnmøre. Oterbestanden er trolig mye større enn antatt, men ingen vet hvor stor. Oteren er per definisjon en «livskraftig» art, men er ikke beskatningsdyktig (kan ikke jaktes på), da man ikke vet hvor stor bestanden faktisk er. Oterbestanden ble sist kartlagt i 2018/2019, men da kun ved hjelp av synsobservasjoner.

I 2023 søkte vi om skadefelling av oter som et prøveprosjekt, men fikk ikke dette innvilget, da det ikke er åpning i loven for å gi skadefellingsløyve på fredet rovvilt som oter, i den hensikt å «verne» villaksen. Oppdrettsnæringen kan dog få innvilget skadefellingsløyve, da oterpredasjonen kan gi store økonomiske tap for næringen (ett av kravene for å få innvilget løyve)

Etter 2 møter med Statsforvalteren, har vi forstått at det er umulig å få tillatelse til å ta ut oter for å «verne» villaksen, så lenge vi ikke vet hvor stor oterbestanden er, og at oteren ikke er «beskatningsdyktig» .

Vedtak:

Styret godkjenner at jakt- og fiskeutvalet startar ei kartlegging om moglegheiter for igangsetting at eit forskningsprosjekt vedrørende oter. Utvala må framvise ein prosjektplan som minimum inneheld prosjektets omfang, innhald og gjennomføring, samt kostnadsoverslag med plan for støttemidlar før styret kan ta ei vurdering om godkjenning av oppstart for forskningsprosjektet.

Sak 25/02.24 Kvartalsrapport frå Regionsekretær

I samsvar med stillingsinstruksen til Regionsekretær pkt 1.5 skal: *Regionlagene skal innen en måned etter kvartalsslutt videresende den skriftlige kvartalsrapporten fra regionsekretæren til administrasjonssjef Beate, med kommentarer fra regionstyret. Dette bør kunne gjøres innen en måned etter kvartalsslutt. Nivået på den skriftlige rapporteringen defineres i samarbeid med regionstyret.*

Dette har ikkje vore praktisert i NJFF Møre og Romsdal, og utifrå tilbakemeldinga så er det ikkje mange andre Regionlag som har gjort det heller. Vi har sett på den munnlege orienteringa på kvart styremøte som godt nok. No har Regionsekretær og Regionleiar korte kvartalsmøter med sentralledet der ei slik oversikt (kvartalsrapport) over Regionsekretær sine arbeidsoppgåver vert spesielt etterlyst. Sentraladministrasjonen er kjend med at dette vert gjennomført som munnlege orienteringar ovanfor styret, men ber då også om at det vert fylgt opp i styreprotokoll slik at det føreligg ein skriftleg rapport.

NJFF har fått fleire spørsmål om å utarbeide ein mal for slike kvartalsrapportar, men ønsker ikkje å pålegge Regionsekretærene med ei konkret arbeidsmengd for å fylle ut desse. NJFF Sogn og Fjordane



har kome med ønske om ei endring i stillingsinstruksen for å få spesifisert kor detaljerte rapporteringsrutinane til NJFF skal vere, då NJFF viste ved førige Landsmøte at det er ein organisasjon som følgjer formelle prosedyrar, ref. Standardvedtektene og eksklusjon.

Regionstyret må derfor legge fram ønske om korleis vi ønsker at oppsettet i ein slik kvartalsrapport skal vere, i alle fall fram til sentralledet kjem med ein konkret mal.

Vedtak:

Regionsekretær lagar ei månadleg oversikt over arbeidsoppgåver som vert lagt inn i kvartalsrapporten, lik den utforminga som sist var sendt til sentralledet, med ei kort og konkret oversikt over aktuelle arbeidsoppgåver.

Eventuelt:

- Representant frå NJFF til årsmøtet – Line Johansen kjem. De ert ønskeleg at ho og deltek på TV-samling 16.mars med bla. informere om kartlegginga av skytebaner. Invitasjon sendt.
- Deltaking årsmøte lokalforeiningar – 12 foreiningar har så langt meldt inn dato for årsmøte. Deltaking på desse vart fordelt mellom styremedlemmene.
- Vedtektsendringer – F.eks stedfortredar med stemmerett på RS møter. Utsatt til neste møte.
- Landsmøtesak – Gjenninføre støtte til friluftsseileiar/prosjektmedarbeidarar/ansatte. Utsatt til neste møte
- Dato arbeidsmøte økonomi
Utsatt til neste møte 27.02.

Møtet slutt kl 21:10

Bård Andreassen
Referent